



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kommunestyresalen (*Teams for dei som ønskjer*)
(Dato: Torsdag 22.04.2021
Tid: Kl. 18.30
Ord for dagen: **Håkon**

		Møtt – Ikkje møtt
Svein Lunde	leiar	x
Wenche Andersen Helland	nestleiar	x
Sigrid Marie Fangel	skrivar	x
Tom Rydland	medlem	x
Anne Marie Røed	medlem	x
Herman Inge Aadland	medlem	x
Håkon Rydland Sæbø	medlem	x
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	x til kl 19.30
Roald Drønen	sokneprest	x
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	x
Jostein Skram	1. vara	x
Karin Maria Korsvik	2. vara	x
Svein Arne Theodorsen	prost	x sak 2021/26
Jan Overweg	kyrkjeverje	x

Fitjar, 22.04.2021

Svein Lunde
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjeverje

Sigrid Fangel
referent

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2021/23	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2021/24	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 18.02.2021	x
2021/25		Orientering frå soknerådsleiar	x
2021/26		Bispevisitas 2021 – innleiing og samtale	
2021/27		Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2021/28		Open post	x

Sak 2021/23 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister godkjent

Sak 2021/24 012.1 Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 18. mars 2021 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare.

Vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 18. mars 2021.

Sak 2021/25 Orientering frå soknerådsleiar

Soknerådsleiar legg fram orientering frå drøftingar i arbeidsutvalet.

Koronarestriksjonane gjorde at planlagde aktivitetar i kyrkja i påsken måtte avlysast.

Kyrkjelyden sitt årsmøte som var planlagt 25.4. måtte også utsetjast grunna gjeldande restriksjonar

Leiar foreslår 30. mai som ny dato for årsmøte

Forslag til ny gudstenesteordning må takast opp på soknemøte 9.5. med stadfesting i soknerådsmøte

30. mai og kan då gjerast gjeldande frå 1.pinsedag.

Høyringsdokument som gjeld arbeidsgjeveransvar blir sendt ut før sommaren, venteleg kring 1.6.

Prostifellesråd som erstattar fellesråda i kvart sokn er eit forslag som skal vurderast

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande og støttar dei forslaga som er lagt fram.

Sak 2021/26 Bispevisitas 2021 – innleiing og samtale

Det vert bispevisitas i Fitjar 30. november – 2. desember og visitasgudsteneste 5. desember 2021. På førehand skal soknerådet ha gjort seg tankar om strategi. (Kvar er vi – kvar vil vi – og kva skal

prioriterast for å koma dit.) Prost Svein Arne Theodorsen er invitert til dette møtet og har innleiing. Deretter vert det høve til samtale. Notatet frå inspirasjonssamlinga i fjor haust er lagt ved innkallinga.

Sist visitas i Fitjar ved biskop Ole Danbolt Hagesæter i 2008. No i 2021 kjem Halvor Nordhaug..

Prost Svein Arne Theodorsen innleia med ei orientering om innhaldet i visitasen, som strekk seg over fleire dagar. Biskopen vil gjerne få eit inntrykk av kva som rører seg i Fitjar bygda til dømes gjennom møte med skule/barnehage, kommuneleiing, bedriftsbesøk og med kyrkjelyden ved gudsteneste/fest/føredrag. Det skal også haldast eit samrådsmøte, truleg torsdag kveld, med sokneråd og tilsette i kyrkjelyden.

Fitjar sokn skal presenterer seg gjennom ein visitasmelding, ein slags sjølvmelding til biskopen. En slik melding har ein fast inndeling, og prosten oppmodar oss til å legge ned eit godt arbeid med kapittel 7 i meldinga, som bør utgjere om lag 10% av visitasmeldinga. Kapittel 7 skal omhandla våre tankar om vidare arbeid for å utvikle kyrkjelyden på Fitjar. Et godt og gjennomarbeidd kapittel 7, vil danna grunnlag for god forankring av våre tankar og visjonar hos biskopen og bispedømmet.

Vi bør konkretisera noverande situasjon –kvar er vi – kva er vi gode på

Vidare, kvar vil vi –kvar vil vi –mål

For å nå måla må vi gjere medvitne prioriteringar –kva vil vi gjere meir av –kva vil vi gjere mindre av

Eit engasjert sokneråd tok utgangspunkt i notat frå inspirasjonssamlinga august 2020 og drøfta seg fram til følgjande vedtak.

Vedtak:

Det blir sett ned ei strategigruppe med Roald, Tom, Håkon og Anne Marie som får i oppdrag å spisse retning for vidare arbeid i kyrkjelyden, med utgangspunkt i notat frå strategisamlinga august 2020.

Notatet var lagt ved møteinnkallinga.

Strategigruppa lagar eit framlegg som kan sendast ut til dei ulike nemndene, slik at dei kan få høve til å koma med innspel på

- Kvar er vi
- Kvar vil vi
- Korleis prioritera

Framlegget skal på høyring via e-post i soknerådet før det kan sendast ut i midten av mai.

Målsetting for det vidare arbeidet i kyrkjelyden må sjåast i samanheng med disponering av fondsmidlar for kyrkjelydsprest.

Soknerådet ynsker orientering om framdrift, og høve til å uttala seg.

Sak 2021/27 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Grunna smittevern blei det ein digital påske

Heimekontor i nokon grad

Tilråding om 2 meters avstand ved allsong innandørs

Nytt teppe i midtgang og våpenhus

|

Fakturering festeavgift
Rekneskap 2020 er venta ferdig revidert i mai
Godt samarbeid med gravferdsbyrå krev gode rutinar

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande og gler seg over det nye teppet som er komen på plass.

Sak 2021/28 Open post

Ved Roald Drønen, orientering om gudstenesta på søndag. Student frå MF vert medliturg. Postludium ved en konfirmant.

Det er planlagt fleire utegudstenester: 2. pinsedag, Kråko m.fl.

Herman: song er ein vesentleg del av gudstenesta. Anne Marie ynskjer evt song ved songgruppe

Orientering ved prosten vdr. 1000 årsjubileum for kyrkja i 2024

Variert program i Fitjar laurdag 5. juni om Håkon den Gode, mellom anna foredrag kl. 15.00 i FKIB ved Jørn Øyrehagen Sunde